



Svein Jøsang
Øvre Utsiktsvei 33
1450 Nesoddtangen

Vår ref
2021/405-57

Deres ref

Saksbehandler
Pål Inge Sanden
414 74 046
pal-inge.sanden@vaga.kommune.no

Dato
26.08.2022

Attendemelding vedr. oppfølging etter dialogmøte 06.07.2022 - Detaljregulering for Hoskelie

Vi viser til dykkar brev datert 01.08.2022 der de på vegne av Hoskelie hyttevelforeining gjer vurdering av tema som vart drøfta i møtet 6. juli 2022 og ber om attendemelding frå kommunen.

Plan- og bygningslova set krav om heilskapleg planlegging, herunder også heilskapleg planlegging av vatn, avløp og overvatn. Kommunen har eit ansvar for å sjå til at reguleringsplanen sikrar omsynet til drikkevatn og vil følgje opp tilrådingar og krav frå Mattilsynet, jf. deira motsegner.

Forslaget til VA-plan legg opp til 30 gråvassanlegg og totalt 21 drikkevassbrønner innafor planområdet. Med så mange planlagde vasskjelder og gråvassanlegg blir det særleg viktig at reguleringsplanen har godt avgrensa omsynssoner (restriksjonssoner) for drikkevatn for å skjerme mot mogleg forureining. Omsynssonene for drikkevatn må ha klare tilhøyrande føresegner for å best mogleg å førebyggje at ikkje drikkevatnet blir forringa. For heile planområdet må det i tillegg vere føresegner som tek i vare nok og sikkert drikkevatn.

For best mogleg sikring av dei mange planlagde drikkevasskjeldene, samt med tilvising til at Øvre Sjoavassdraget er ein sårbar resipient, sluttar kommunen seg til Mattilsynet si tilråding om at planen må sette krav om at alle gråvassanlegg skal ha biofilter, samt avtale for drift- og service for biologiske gråvassfiltre. Dette må gå fram av planføresegnene.

Tross avgrensing av omsynssoner for drikkevatn, vil det vere ei viss usikkerheit knytt til ev. førekomst sprekkar i fjell som kan gje forureining av drikkevasskjelder. Kommunen legg til grunn at planlagt vassforsyning innafor planområdet er eitt vassforsyningssystem jf. grunngeving slik det går fram av Mattilsynet sin presentasjon i møtet. Tilsvarande gjeld avløp da alt avløp har avrenning til same resipient.

Postadresse:
Edvard Storms veg 2
2680 Vågå

Besøksadresse:
Edvard Storms veg 2, 2680
Vågå

Org.nr: 939 607 706
Heimeside:
www.vaga.kommune.no
E-post:
postmottak@vaga.kommune.no

Telefon: 61 29 36 00
Bankkonto:
2085 07 70000

Jf. vass- og avløpsanleggslova § 2 må alle nye VA-anlegg innafør planområdet inngå i eit felles eigarskap og vere organisert som eit andelslag eigd av brukarane. Dette kan praktisk løysast ved oppretting av eit eige andelslag for vatn- og avløpsanlegg. Ved godkjenning av nytt anlegg, må aktuell hytteeigar bli medeigar i andelslaget. Andelslaget vil som anleggseigar ha eit ansvar for å følgje opp dei krav som følgjer av planen og m.a. av drikkevassforskrifta.

I møtet 6. juli vart det vist til behov for komplette vassprøveanalysar for eksisterande vasspostar. Dette gjaldt alle dei 7 eksisterande vassforsyningsbrønnane da tidlegare analysemateriale er heilt attende frå 2003. Det må takast komplette vassprøveanalysar også for dei fire resterande vassforsyningsbrønnane.

Reguleringsplanen opnar for inntil 120 m² bruksareal (BRA) pr. fritidsfeste, som tidlegare. For nye byggjetiltak som ligg innafør aktsemdområde for flom vil det vere ein føresetnad for å kunne byggje at tilfredsstillande tryggleik mot flom er ivareteke, jf. TEK 17.

Med helsing

Pål Inge Sanden
Kommunalsjef

Hallvard Wangen
Avdelingleiar VA

Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.

Kopi til:

MATTILSYNET LOKASJON OTTA JOHAN NYGÅRDSGATE	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION ØST	Postboks 4223	2307	HAMAR
STATSFORVALTEREN I INNLANDET	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER